



Solbjørg Åmdal Sandvik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/2202 - 14/20406

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2014

Søknad om vidare permisjon frå politiske verv

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 465	14/2202

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
94/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Søknad om vidare permisjon frå politiske verv

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har motteke søknad frå Solbjørg Åmdal Sandvik om vidare permisjon frå politiske verv. Søknaden er grunngjeven og dokumentert med helsemessige tilhøve. Søknaden gjeld no ut kommunestyreperioden, men dersom helsetilstanden skulle betre seg, kan det vere aktuelt for ho å tre inn att i dei politiske verva. Ho har difor vald å bruke omgrepet permisjon og ikkje fritak i søknaden sin.

Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 nr 2 kan kommunestyret etter søknad gi fritak frå politiske verv dersom ein folkevald «*ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet.*» Fritak kan gjevast for eit kortare tidsrom eller ut kommunestyreperioden. I kommentar-utgåva til kommunelova er det lagt til grunn at helsemessige tilhøve kan vere eitt av dei vilkåra som denne lovparagrafen omhandlar.

I kommentarutgåva er det også drøfta kva som eventuelt vil gjelde dersom ein folkevald skulle ønskje å avbryte ein innvilga permisjon (fritak) og tre inn att i vervet eller verva sine. For stortings-representantar er det avklart at dei har rett til å avbryte ein permisjon når som helst, og iflg. Overå/Bernt er det då ikkje grunnlag for tolke kommunelova annleis (note 3 til § 15.2).

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Ikkje relevant i saka.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir Solbjørg Åmdal Sandvik permisjon frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden.

Kommunestyret - 94/2014

KS - behandling:

Ordfører opplyste at Solbjørg Åmdal Sandvik er vald til varamedlem til Kirkeleg Fellesråd. Det må difor veljast ny varamedlem til dette rådet.

Framlegg til vedtak:

Sølvi Knudsen vert vald som varamedlem til Kirkeleg Fellesråd.

Avrøysting:

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret gir Solbjørg Åmdal Sandvik permisjon frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden.

Sølvi Knudsen vert vald som varamedlem til Kirkeleg Fellesråd.